



Vår ref.: DokumentID 23/10553

Dykkar ref.:

Dato: 24.05.2023

## **HØYRING. REPRESENTASJONSORDNING FOR ELDRE OG MENNESKE MED FUNKSJONSNEDESETTING I KVAM**

**Etter kommunestyre- og fylkestingsvalet til hausten skal det veljast representantar til to separate råd eller eit felles råd. Interesseorganisasjonane og pensjonistlaga vert med dette bedt om å uttala seg til representasjonsordning og komma med forslag på representantar.**

Kommunelova slår fast at Kvam heradsstyre skal velja eit eldreråd, eit råd for personar med funksjonsnedsetting og eit ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom (§ 5-12, 1. ledd). *Forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, personer med funksjonsnedsettelse og ungdom* (forskrift om medvirkningsordningar) opnar opp for at kommunar kan etablere felles råd for menneske med funksjonsnedsetting og eldre dersom dette er naudsynt ut i frå lokale forhold (§ 4). Lokale forhold kan mellom anna vera at det er vanskeleg å rekruttere nok representantar og vararepresentantar til to separate råd. Dette var situasjonen i 2019 då heradsstyre vedtok å halda fram med ei felles representasjonsordning i Kvam.

Kvam herad har hatt erfaring med både to separate råd og felles råd. Eldre og personar med funksjonsnedsettingar har ikkje alltid samanfallande interesser og saksfeltet for eit felles råd kan difor vera stort. Erfaringa Kvam herad har gjort seg ved å slå saman dei to råda til eit felles råd, er at Kvam herad har fått ei mykje meir synleg representasjonsordning for menneske med funksjonsnedsetting og eldre, og ein har ikkje opplevd at saksområdet har vore for stort for rådet. Rådet har ein samla kompetanse som det er vanskeleg å oversjå, det har kapasitet til å ta opp eigne saker, det er lettare å rekruttere nok personar til rådet, og det er lettare for administrasjonen å følgja opp arbeidet til rådet når administrasjonen ikkje må dela ressursane på to separate råd. Eit viktig moment i saka er likevel korleis interesseorganisasjonane og pensjonistlaga sjølve opplever ordninga med eit samanslått råd.

Kvam heradsstyre vedtok følgjande i sitt møte 29.11.2019 (då det vart gjort vedtak om samanslåing) i punkt 3.:

*Representasjonsordninga for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre skal i følgje lovkrav vurderast på nytt i forkant av neste valperiode (2023-2027). Pensjonistlaga og*

*interesseorganisasjonane for menneske med funksjonsnedsetting i Kvam skal ha høve til å uttala seg før sak vert politisk handsama i Kvam heradsstyre*

Pensjonistlaga i Kvam (Strandebarm, Tørvikbygd, Øystese og Ålvik) har allereie i brev datert 15.11.2022 kome med innspel i saka. Dei ønskjer separate råd. Grunngevinga for dette er mellom anna at dei meiner at dei eldre vil få betre gjennomslag for sine saker dersom dei har eit eige råd og at rådet vil få større påverknad generelt og betre tid til å arbeida med politiske saker.

Etter kommunestyre- og fylkestingsvalet til hausten skal det veljast representantar til to separate råd eller eit felles råd. Interesseorganisasjonane og pensjonistlaga vert med dette bedt om å uttala seg til om Kvam herad ut i frå omsynet til kontinuiteten av arbeidet til *Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre*, rekruttering av representantar og administrative ressursar, kan halda fram med dagens ordning med eit felles råd, eller om det skal etablerast to separate råd. Dersom det skal etablerast to separate råd, må pensjonistlaga og interesseorganisasjonane vera villige til å stilla med nok representantar til å kunna oppretta to separate råd. Kvam herad har per i dag eit felles råd som består av totalt 9 medlemmer inkludert ein representant frå heradsstyret. I tillegg er det valt vararepresentantar til rådet. Dersom Kvam herad går tilbake til ordninga med to separate råd vert det ein auke i kostnadane og ressursbruk.

#### **Oppsummert vert interesseorganisasjonane og pensjonistlaga bedt om følgjande:**

1. Uttala seg til om dagens representasjonsordning med eit felles råd kan halda fram, eller om det er ønskjeleg med to separate råd.
2. Uttala seg til vedlagte forslag til retningslinjer (her er det teke høgd for to separate råd eller eit felles råd)
3. Føreslå representantar (til to separate råd eller eit felles råd). Representantane som vert føreslått skal ha takka ja til vervet på førehand og det skal leggjast ved ei erklæring som viser dette.

#### **Høyringsfrist og frist til å komme med innspel på representantar vert sett til 1.8.2023.**

Høyrings svar kan sendast per e-post til [postmottak@kvam.kommune.no](mailto:postmottak@kvam.kommune.no) eller per post til Kvam herad, Grovagjelet 16, 5600 Norheimsund.

**Høyringsinnspel og forslag på representantar skal merkast med: Sak 23/1301 Høyringsuttale til representasjonsordning/ forslag på representantar frå ...**

#### **Prosessen vidare:**

- Høyringsfrist og frist for å komme med forslag på representantar er 1.8.2023
- Rådmannen førebur politisk sak
- Politisk handsaming av saka i møtebolck nr. 5. med endeleg vedtak i heradsstyret 3.10.2023.
- Val av representantar til felles råd eller to separate råd i heradsstyret sitt møte 7.11.2023.

Helsing

**Kari Weltzien Vik**

Administrativ rådgjevar

Telefon: 995 43 057

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

**Vedlegg:**

24.05.2023

24.05.2023

24.05.2023

**Tittel:**

Reglement for Råd for menneske med funksjonsnedsetting. 2023

Reglement for Kvam eldreråd. 2023

Reglement for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre